

## **ORIENTERING OM HELSE- OG OMSORGSTENESTER TYSNES KOMMUNE**

Føremålet med notatet er å gje ein kort status og opna for drøftingar.

Pleie- og omsorgstenesta er i ei omstillingsfase, og alle brikker er ikkje på plass enda. Me er framleis ganske ferske i det nye senteret og vil ha eit vidare behov for å la tenestene setja seg, det vert gjort kontinuerleg arbeid med å tilpassa dei best mogleg. Nytt omsorgssenter gjev oss meir differensierte tenester med bustad, heimetenester, dagsenter, rehabilitering- og institusjonsopphald.

Me går ikkje inn på det bakanforleggjande driftskonseptet, men viser i den samanheng til felles orientering for kommunestyre i desember.

### Institusjon

Langtidsopphald er kun i høve der ein ikkje kan gje forsvarleg hjelp i eigen heim, t.d. alvorleg demens, siste livsfase, opptrening, rehabilitering og avlastning, øyeblikkeleg hjelp. Venteliste er oppretta i samsvar med regelverk fom 1. juli 2017, og nokre av søkjarane vil kome på den i påvente av ledig institusjonsplass.

Heile 2017 har det vore jevnt trykk på tenesta både i open omsorg og institusjon. Mange pasientar har vore inn og ut av korttidsopphald, og vi veit at det er fleire som ønskjer plass på institusjon. Ein del av desse har fått tilbod om omsorgsbustad i omsorgssenteret i staden for.

I 2017 vart det handsama 86 søknader til langtid-, korttid- og rehabiliteringsopphald på institusjon. I tillegg til desse kjem innlegging i samband med KAD (Kommunale akutt døgnplassar). I 2017 er det gjort følgjande vedtak:

- 47 innvilga korttidsopphald rehabilitering
- 22 innvilga korttidsopphald anna formål og utgreiing
- 36 innvilga døgnopphald øyeblikkeleg hjelp
- 9 har fått innvilga langtidsopphald
- 8 har fått avslag på langtidsopphald

I skrivande stund er det slik status på institusjonsopphald:

27 bebuarar har langtidsplass

3 bebuarar innanfor korttidsopphald, rehabilitering og KAD

### Bustader med heildøgnsomsorg – omsorg pluss

I den samla vurderinga må bustader i omsorgssenteret takast med. Dette er bustader som er særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, bustadene er særskilt handsama i forskrifta som nemnt over. Desse bustadene er ein del av open omsorg, men er underlagt opptaksregime og føresetnad om at omfanget av tenester skal vera vesentleg større enn det som er mogleg å gje tilbod om i desentraliserte omsorgsbustader eller i brukarane sin eigen heim.

Av dei ti bustadene me har er p.t. 8 av desse leigd ut, det ligg føre ein søknad som ennå ikkje er handsama. Open omsorg er frå veke 2 i 2018 styrkt med ei ekstra kveldsvakt i heimesjukepleien, den ekstra vakta skal primært tene desse bustadane. Dette er i første omgang ei mellombels styrking og det er lagt opp til evaluering av effekt etter tre månader. Pasientar som er ferdigbehandla frå sjukehuset vert utskrivne tilbake til heimen og får hjelp der, dette vil gje eit ekstra trykk for pårørande og tenesta i ein overgangsperiode.

### Dagsenter:

Dagsenter er i utgangspunktet lagt opp med 8 plassar, me har sett at dette er eit svært viktig tilbod. Det vert i dag gjeve tilbod om plass for 14 brukarar.

I utgangspunktet var dagsenteret sett opp med opningstid frå måndag til fredag k. 09:00-15:00.

Me har no utvida tilbodet med to ettermiddager per veke, opningstid frå kl. 13:00 – 19:00

### Matproduksjon:

Kjøkkenet produserer middagar som planlagt og matutkjøringa fungerer. Det er av og til avbestillingar av ulike årsaker. I veke 4 vart det levert ut ca 60 porsjonar til heimebuande, i tillegg servert ca 50 porsjonar på dagsenteret.

### Anna:

Storstova har vorte nytta til ulike samlingsaktivitetar noko me vurderer som positivt for det samla tilbodet til gruppa.